

# Årsmelding | 2013

---



Modalen kommune

# Innhold




<b>Rådmannen</b>	side 3
<b>Økonomi og rekneskap</b>	side 14
<b>IKT</b>	side 21
<b>Kulturkontoret</b>	side 22
<b>Modalen folkebibliotek</b>	side 23
<b>Sosialtenesta</b>	side 24
<b>Pleie- og omsorgstenesta</b>	side 25
<b>Helsecenteret</b>	side 28
<b>Mo skule</b>	side 32
<b>Modalen barnehage</b>	side 36
<b>Teknisk etat</b>	side 38

## Rådmannen

Årsmeldinga er ei attendemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at vi har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer no direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Endra organisering med samsvarande økonomisk rammeområde vart lagt til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2013 med eit unnatak. Kultur var også i 2013 inkludert i ramma under rådmannen. Dette er endra frå budsjettåret 2014.



I 2013 vart det gjennomført eit program med leiaropplæring for å styrke kompetansen og utvikle leiarkulturen i kommunen. Kommunen fekk tilskot frå Kommunesektorens organisasjon (KS) til opplæringa. Eksterne kurshaldarar vart nytta.

Med grunnlag i tilbakemelding frå einingsleiarane meiner rådmannen at vi har ei tenleg og god administrativ organisering av kommunen sine tenester. Det har vore skifte av einingsleiar ved Mo skule og teknisk avdeling i løpet av 2013.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Rådmannen har gjennomført slik oppfølging av dette i 2013:

### Økonomi

Mål	Oppfølging i organisasjon
Halde budsjettramma	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er sett fokus på ansvar for økonomistyring og budsjettdisiplin på einingsleiarnivå. Det er stilt krav til kvalitet på avviksrapportar annakvar månad til rådmannen og tertialrapportar til kommunestyre.</li> <li>• Resultat: Netto driftsrekneskap for alle einingar er i samsvar med eller under budsjett Totalt mindreforbruk i høve budsjett: kr 2,6 millionar.</li> </ul>
Identifisere sårbare område i driftsbudsjettet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Einingsleiarar vurderer endra føresetnader i høve budsjett i sine rapportar til rådmannen.</li> <li>• Tiltak vert sett i verk for korreksjon innan vedtekne rammer / meldt kommunestyre i tertialrapport.</li> </ul>
Økonomiplan drift må utviklast som eit aktivt styringsreiskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rådmannen legg erfaringar og oppdaterte rammebetingelsar til grunn for sitt budsjettframlegg.</li> <li>• I budsjettprosessen vert handlingsrom for politiske vedtak både for drift og investeringar gjort synleg.</li> <li>• Kommunen sin økonomi skal vere berekraftig over tid. Netto driftsresultat: budsjett 2,1 % / rekneskap 8,0 %</li> </ul>

### Tenesteutvikling medarbeidarar

Mål	Oppfølging i organisasjon
God etisk standard	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vedtekne etiske retningslinjer har vore tema i leiarmøter.</li> <li>• Einingsleiarar har ansvar for oppfølging på sine personalmøter.</li> </ul>
Kompetente medarbeidarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompetansebehov vert meldt frå einingsleiarar.</li> <li>• Årleg plan for kompetansetiltak vert rullert i november.</li> <li>• Interne og eksterne kurs/opplæring er gjennomført for einskildpersonar og grupper på einingsnivå.</li> </ul>
Motiverte medarbeidarar som arbeider mot felles mål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunestyret sine resultat- og utviklingsmål er kommunisert i organisasjonen. Kvalitet og nivå på tenester vert drøfta i einingane.</li> <li>• Vi har ikkje utarbeida overordna felles beskriving av mål for teneste/service. Rådmannen har sett dette på</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>handlingsplanen for 2014.</li> <li>Det er gjennomført ulike trivselstiltak i einingane for å styrkja motivasjon og fellesskap.</li> </ul>
Synleg leiar for heile organisasjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rådmannen har delteke på møter i einskilde einingar.</li> <li>Det er faste leiarmøter med krav til deltaking.</li> <li>Rådmannen har regelmessig møte med hovudtillitsvalde.</li> <li>Er gjennomført årleg medarbeidarsamtale med leiarar.</li> </ul>
Inkluderande arbeidsliv / IA bedrift	<ul style="list-style-type: none"> <li>IA-avtale er inngått. Avtalen har vore tema i leiarmøte. Fokus på oppfølging av avtale i personalarbeid på einingsnivå.</li> <li>Behov for tilrettelegging vert kartlagt gjennom årlege vernerundar og tiltaksplan for HMS-arbeid i samarbeid med hovudverneombod og bedriftshelsetenesta.</li> <li>Mål for reduksjon av sjukefråvær er ikkje nådd.</li> </ul>
Effektiv organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>Administrativ organisering er justert i høve endra behov.</li> <li>Gjennomført leiaropplæring for å utvikle ein meir felles organisasjonskultur.</li> <li>Tek i bruk rammeavtalar for innkjøp. God gevinst i 2013 ved mellom anna vikarkjøp innan pleie.</li> </ul>

### Tenesteutvikling for innbyggjarar

Mål	Oppfølging i organisasjon
Innbyggjarane skal verta sikra tenester med fokus på kvalitet og service.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fokus på at brukarane skal få løyst sine behov på eit lågast mogleg nivå i organisasjonen og at dei vert møtt med ei servicevenleg innstilling.</li> <li>Einskilde einingar har gjennomført brukarundersøkingar med gode resultat.</li> <li>Kommunelegen har godkjend Mo skule etter forskrift om miljøretta helsevern.</li> <li>Gjennomført administrativt tilsyn ved Modalen barnehage.</li> <li>Sett i verk organisatoriske tiltak for å effektivisere sakshandsaminga og betre servicen til innbyggjarane. Innført ny telefonsentral, nytt sak- og arkivsystem og ny heimeside.</li> </ul>

### Lokalsamfunnsutvikling

Mål	Oppfølging i organisasjon
Det skal vera godt og trygt å bu i Modalen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utføre kommunale tenester fastsett i budsjett og i samsvar med lov og forskrifter for ulike tenester.</li> <li>Tett oppfølging av Telenor sitt prosjekt for utfasing av fasttelefon.</li> <li>Det er etablert redundans i fibernett og telefonsamband til/frå kommunen.</li> <li>Har hatt fokus på beredskapsarbeid og lokal</li> </ul>

	organisering av brannvern.
Modalen skal ha eit godt omdøme	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje gjennomført generelle innbyggjarundersøkingar.</li> <li>• Rådmannen og einingsleiarar deltek aktivt i ulike fora i regionen og profilerer kommunen.</li> </ul>
Næringsvenleg kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er med i Hordaland fylkeskommune sitt «Kom an prosjekt» og Osterfjord Næringsamarbeid .</li> <li>• Føl opp lokale bedrifter og nyetablerarar med rettleiing og stønad frå næringsfond.</li> <li>• Tilrådd søknad om søndagsopen butikk.</li> </ul>
Gode fritids og kulturtilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokale lag og organisasjonar har gode driftsvilkår med hjelp, oppfølging og stønad innan vedteke budsjett.</li> </ul>
Nye bustad og næringsareal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet med ny kommuneplan er kome i godt gjenge ved kjøp av ekstern konsulenthjelp.</li> <li>• Mål å vedta ny plan andre halvår 2014.</li> </ul>

### Politisk samarbeid

Mål	Oppfølging i organisasjon
Halde fokus på saker som er politisk prioritert	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Politiske vedtak er følgt opp og rapport til formannskap/kommunestyre.</li> <li>• Rådmannen har ein løpende dialog med ordførar.</li> </ul>
Evaluering av mål og strategiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapportering i årsmelding og innspel til budsjettarbeid.</li> </ul>

Kommunestyret har ikkje vedteke nye resultat og utviklingsmål i 2013.

### STØRRE HENDINGAR I 2013

#### Fasttelefon og mobilsamband

Hausten 2012 valde Telenor ut Modalen kommune til eit pilotprosjekt, for utfasing av fasttelefon via koparleidningar til privatpersonar og bedrifter. Prosjektet vart gjennomført i 2013. Prosjektet medførte at det vart etablert ei forventning om at den «gamle fasttelefonen» ville verte erstatta med ei fullgod mobildekning i heile Modalen. Det vart ikkje tilfelle. Kommunen har vore sterkt engasjert i arbeidet med å få til ei best mogleg løysing for mobilsambandet. Kommunen har måttा erstatta ulikt kommunikasjonsutstyr til mobilbaserte system. Dette gjeld mellom anna både for tryggleiksalarmer og heisalarmar.

#### Overformynderi

Ny vergemålslov vart iverksett i 2013. Ansvaret for overformynderiet vart overført til Fylkesmannen pr. 1. juli 2013. Avsluttande rekneskap og sluttrapport frå lokal overformyndar vart oversendt til Fylkesmannen i samsvar med dette.

## Stortingsval

Nytt dataprogram vart teke i bruk ved røysterapportering til Stortingsvalet i september.

## Interkommunale samarbeid i Nordhordland

I samsvar med kommunestyret sine vedtak har Modalen teke del i utvida driftsopplegg ved legevakten i Knarvik og etableringa av «Øyeblikkeleg hjelpe-senger». Kommunen tek del i etableringa av eit interkommunalt helsehus gjennom arbeid utført av Nordhordland Utviklingsselskap.

I 2013 vart det greidd ut om det var grunnlag for etablering av eit felles landbrukskontor. Dette vart ikkje realisert. Modalen held fram med kjøp av desse tenestene frå Meland kommune.

Det har i 2013 vore initiert og sett i verk mange prosjekt som har medført store behov for intern opplæring og organisasjonsutvikling i kommunane. Største endringar er innføringa av fullelektronisk arkiv og sakssystem med ny portalløysing for kommunane sine heimesider. Desse systema vart sett i drift like etter årsskiftet i 2014. Det er etablert nye interne rutinar tilpassa dei nye systema. Modalen tok også i bruk ein ny telefonsentral i 2013.

## Beredskap / brannvern

I 2013 har det ikkje vore særskilte hendingar som har vore ein trussel for samfunnstryggleiken, sjølv om mindre snø og steinras har førekome. Endra klima og vertilhøve medfører auka trond til vurdering av tiltak i analysen av risiko og sårbarheten i kommuneplanen. Tiltak for ytterlegare utbetring av kommunikasjonsløysingar vil også verte vurdert.

I november gjennomførte kommunen si kriselerding ei lokal øving i regi av fylkesmannen. Øvingscenariet var eksplosjonsarta brann og evakuering av folk i sentrum av Mo. På nyåret har hendingar, som «brannen i Lærdal» og skogbrannar nordpå, synt at det er trond for å evaluere brannberedskapen i kommunen. Dette vil verte følgt opp i 2014.

## Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2013 var folketalet i Modalen 383 innbyggjarar, men var redusert til 372 ved utgangen av året. I løpet av året flytta 15 personar inn og 25 flytta ut av kommunen. Fire vart fødde og fem døydde. Vi hadde eit netto fødselsunderskot på 1. Samla sett resulterte dette i ein reduksjon på 11 personar (-2,9%). Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutviklinga er likevel positive for komande år.

## Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakrar. Av 95 fast tilsette er 70 kvinner og 25 menn. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trond for å setja

i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søker sine kvalifikasjonar vektlagt meir enn kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste to åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikre deltidsarbeidande størst mogeleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for fast tilsette i kommunen pr. desember 2013 var:

Menn: 92% stilling – Kvinner: 80% stilling. Her har vore ei positiv utvikling, for tilsvarande tal i 2012 var 90% for menn og 75% for kvinner.

### Kjønnsfordeling av fast tilsette

	2013			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	1	17	5	83
Andre tilsette	22	25	65	75
Alle tilsette i Modalen kommune	25	26	70	74

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner.

### Diskriminering og etikk

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningsliner. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset.

### Personalpolitiske retningsliner

Retningsliner for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er planlagt revidert i 2014.

### Alderssamansetting fast tilsette

Tal tilsette:	Under 30 år	30 - 39 år	40- 49 år	50 - 59 år	Over 59 år
Kvinner	2	17	22	21	8
Menn	3	3	7	9	3

Tabellen syner at 43% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Utfordringa ligg i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste 10-15 åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trond for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane lengst mogeleg. Samstundes må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss ny kompetanse for framtida.

## HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med HMS-gruppen, som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei bidreg med rettleiing, kontollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet.

### Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
<b>2009</b>	13.4 %	7.2 %	4.8 %	6.2 %	7.9 %
<b>2010</b>	6.1 %	5.1 %	5.1 %	6.3 %	5.7 %
<b>2011</b>	7.1 %	7.3 %	8.0 %	9.3 %	7.9 %
<b>2012</b>	12.1 %	11.8 %	10.5 %	9.9 %	11.1 %
<b>2013</b>	10.7 %	10.1 %	7.0 %	7.8 %	8.8 %

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for å inkludera dei som har vanskar med å vere i yrkesaktivt arbeid. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV arbeidslivssenter er partar i avtalen. Lokalt er det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær, 2 - Personar med redusert funksjonsevne og 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråvårsarbeidet fram til utgangen av 2013 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra.

Kommunen hadde ei positiv utvikling og ein nedgang i sjukefråværet i 2010, men i 2011 og 2012 steig det samla sjukefråværet. Også fyrste halvdel av 2013 var prega av høgt fråvær. Frå hausten 2013 har pilen snudd nedover att. Det har vore kontinuerleg fokus på sjukefråvårsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som er årsaka til den høge fråværss prosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er framleis på eit lågt nivå. Gjennomsnittleg sjukefråvær for åra 2011-2013 er 9,3 %. Dette er over måltalet i IA-avtalen.

Blant seniorane er det to tilsette som har teke ut heil eller delvis pensjon etter AFP-ordninga. I samsvar med seniorpolitiske retningslinjer er det fire tilsette over 62 år som får utbetalt eit lønnstilskot, og ein person er innvilga redusert arbeidstid. Tala syner at fleirtalet av seniorane vel å stå i arbeid fram mot pensjonsalder.

**Året 2013 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er framleis ei rekke målsettingar å strekkje seg mot. Det er på sin plass med ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2013. Rådmannen vil òg takke politikarar, tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.**

## MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

### Kommunestyret

Kommunestyret har følgjande medlemar i perioden (2011-2015):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Knut Moe, ordførar	Gisle Heimly
Kristin Nåmdal, varaordførar	Terje Nygard
Trond Arild Henriksen	Artur Farestveit
Liv Anne Aanesen	Tom Kristian Thorsen
Tone Selmer Skuggevik (permisjon frå 1.10.13)	Linda Neset
Harald Farestveit	Gunnhild Steinsland
Bjørn Helland	
Marit Kristin Nygard Nese (medlem frå 1.10.13)	

År	2010	2011	2012	2013
Tal møter	7	8	7	6
Tal saker	58	58	71	40

Kommunestyret fekk i april utlevert nettrett. Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside.

Kommunestyret handsama ei klagesak der setteordførar og setterådmann vart nytta. Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2013 gjennomført og følgt opp som føresett.

### Formannskapet

Formannskapet har følgjande medlemar i perioden (2011-2015):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Knut Moe, ordførar	Gisle Heimly
Kristin Nåmdal, varaordførar	Gunnhild Steinsland
Trond Arild Henriksen	

År	2010	2011	2012	2013
Tal møter	8	7	9	7*
Tal saker	52	50	65	41

\*I tillegg hadde formannskapet ei budsjett/strategisamling 14.-15. oktober i Bergen.

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2013 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

## NÆRINGSFONDSSTYRET

Medlemane i formannskapet er også næringsfondsstyret.

År	Tal møter	Tal saker	Tilskot løyvd kr	Lån løyvd kr
2010	7*	8*	728 700	0
2011	7	11	861 850	375 000
2012	2	7*	940 929	0
2012	(Delegasjon rådm.)	3	28 000	0
2013	4	6*	947 000	250 000
2013	(Delegasjon rådm)	3	138 500	22 000

\*Ei sak handsama som klagesak.

Talet på møter og saker er på nivå som for 2012, men lågare enn tidlegare. Dette skuldast både låg søknadsaktivitet / få nye prosjekt, men òg bruk av delegeringsreglementet.

Løyvde summar i tabellen ovanfor syner den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar i dei aktuelle år. Denne summen kan verte mindre om prosjekt ikkje vert gjennomført som omsøkt. I 2013 har to nyetablerarar også motteke kr 25 000,- kvar i tilskot frå Osterfjord Næringsamarbeid.

Kommunen har motteke kr 30 000,- i «SMIL-midlar» (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket) frå Fylkesmannen. Desse vart tildelt ein gardbrukar medan ein søker fekk avslag.

Tilsegn om stønad er slik fordelt på ulike næringar:

	2010	2011	2012	2013
Landbruk	3	6	8	2
Reiseliv/service/handel	2	2	-	4
Industri/produksjon/anlegg	-	-	-	1
Prosjekt/anna	2	3	2	1

I 2013 er det løyvd tilskot i to saker på kr 250 – 350 000,-, i tre saker tilskot mellom kr 100 - 200 000,- og tre saker tilskot under kr 100 000,-.

Utvikling av status for Næringsfond:

År	Inngående saldo pr. 01.01.	Utgåande saldo pr. 31.12.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 209

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som grunnkapital.

**Grunnkapitalen er inkludert i saldoar ovanfor.**

## BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2013

	Bruk	Note	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2013		10	6 443 268*
Konsesjonsavgift mv			5 392 911
Konsesjonskraftsalg til Modalen Kraftlag			110 555
Renter og avdrag			615 848
Anna inntekt			50 820
Utlån til privat verksemd	270 859		
Tilskot til bustader	1 650 000		
Tilskot til privat verksemd	988 673		
Elevstipend	414 620		
Utgift i drift (mellan anna IKT/breiband)	320 856		
Konsulent/advokathjelp i drift	128 115		
Fondsbruk vegar	-		
Finansiering av investering	994 070		
Saldo pr. 31.12.2013			7 846 209

\*Summen er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital.

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

I 2013 er det gjeve tilsegn om kr 1 400 000,- til bygging av fem bustader og kjøp/vøling av to bustader. Av dette kjem kr 750 000,- til utbetaling i 2014.

Løyvingar til næringsføremål vert utbetalt innan fastsett frist for gjennomføring og med ulike vilkår knytt til tildelinga. Utbetaling kan dermed skje heilt eller delvis i neste rekneskapsår. Av innvilga tilsegn i 2013 er ca. kr 500 000,- ikkje utbetalt i 2013.

Kommunen si samla forplikting etter vedtak om stønad frå næringsfondet er vurdert til å utgjere om lag kr 1 250 000,- ved årsskiftet. Dei frie disponible fondsmidlane må såleis justerast for desse forpliktingane til kommunen.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv er avsett i næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket.



## FONDET TIL FISKE OG VILT 2013

Modalen kommune vedtok i 2013 vedtekter for forvaltning av midlar for fond til Fiske og vilt.

### Bruk og tilgang:

	Bruk	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2013		1 423 068
Tilført fra ulike konsesjonsvilkår		140 352
Renter		23 703
Tilskot til arbeid i Fagrådet for Modalselva	61 797	
Korrigert bruk av fond. NIVA-utgift 2012	168 500	
Saldo pr. 31.12.2013		1 356 836

## KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Det er i 2013 ikkje føreteke endringar i kommunen sitt eigarskap.

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande selskap:

Selskap	Aksjekapital	Eigardel	Kommunal representasjon i styre
Modalen Næringsbygg AS	6 342 000	92,7%	Torhild Eidsheim, leiar Tone Selmer Skuggevik, nestleiar Terje Nygard, styremedlem
Modalen Eksingedalen Billag AS	2 392 500	19,4%	Ordførar Knut Moe, styreleiar
Kommunekraft AS	320 000	0,3%	Ingen
Modalen Kraftlag BA		1 andel	Ingen
Fjord Norge AS		1 andel	Ingen

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande interkommunale selskap:

Selskap	Kommunal representasjon i styre / råd
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)	Harald Farestveit, styremedlem Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap Terje Nygard, medl. representantskap
Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)	Rådmann Øivind Olsnes, styremedlem
Nordhordland Revisjon IKS	Ordførar Knut Moe, medl. representantskap
Interkommunalt arkiv IKS	Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap

Modalen kommune har også andelar i følgjande selskap/foretak:

NIT kommunedata (1), AL Biblioteksentralen (1), Nordhordland Veteranbåtlag (25) slik det går fram av note 5 til rekneskapet for 2013.

# Økonomi og rekneskap

## SAMANDRAG

**Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det har vore vanleg å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera på om lag 3 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpende drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar.**

**Rekneskapsåret 2013 i Modalen kommune er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 7,0 millionar.**

**Resultatet utgjer 8,0 % av driftsinntekta. Kr 0,5 millionar av driftsinntekta er knytt til premieavvik for pensjon og mva-kompensasjon frå investeringsutgift.**

**Rekneskapsmessig overskot vart kr 2 790 648,-. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og avsetjingar, disponering av resultatet frå 2012, samt (pliktig) overføring til investeringsrekneskapen.**

**Netto driftsresultat er om lag kr 1,0 millionar svakare enn i 2012. Men dersom me korrigerer for mva-kompensasjon frå investeringsutgift og inntektsført premieavvik, er resultatet kr 1,0 millionar betre enn korrigert netto driftsresultat 2012.**

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 49,9 millionar inkludert sosiale kostnader (48,7 millionar 2012) av samla driftsutgifter på kr 84,9 millionar, utgjer 58,8 % (59,2 % 2012). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar. Dette må òg sjåast i samanheng med at vi kjøper ein del tenester frå andre kommunar, samt utviklinga over tid.

Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på kr 4,6 millionar. Dei største investeringsprosjekta har vore tilrettelegging for bustadar, oppgradering av Modalstunet, kjøp av bilar/ maskiner og Oddane vassverk.



## Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse kostra-tala til kommunane. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala vert Modalen rangert som nr 4 i landet mot 3. plass i fjor. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekke økonomiske nøkkeltal. Modalen kommune har hatt klar framgang dei seinare åra, og eit fall frå 3. til 4. plass i år er ikkje dramatisk. Nøkkeltala og vurderingane synleggjer ikkje berre kor stor inntekt kommunen har, men òg korleis inntekta vert forvalta.

	2009	2010	2011	2012	2013
Plass på økonomibarometeret (av 390)	46	51	9	3	4
Plass i fylket (av 33)	3	5	1	1	2
Plass i kommunegruppa (av 10)	6	6	1	1	2


## VURDERING

### Resultat i drifta

2013 har gjeve nok eit positivt driftsresultat for kommunen. Netto driftsresultatet er godt over dobbelt så høgt som tilrådd nivå for å ha ein sunn økonomi.

I samandraget er det peika på mva-kompensasjon frå investering og premieavviksinntekt som er postar som påverkar netto driftsresultat utan å vere ein del av den løpende, ordinære drifta. Resultatet justert for desse postane kallast for **korrigert netto driftsresultat** og utgjer kr 6,6 millionar i 2013 mot kr 5,5 millionar i 2012 og kr 4,2 millionar i 2011. Kr 6,6 millionar utgjer 7,6 % av driftsinntektene. Tilsvarande resultatprosent var 6,4 % i 2012 og 5,3 % 2011. Dette er godt over tilrådd nivå, syner ein positiv utvikling dei seinare åra, og indikerer god kontroll på driftsøkonomien.


Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2008-2013 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er løpende driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar. Korrigeringa skjer ved at ein justerer for premieavvik og mva-kompensasjon frå investeringsutgift. Ein kjem då fram til eit korrigert netto driftsresultat som er meir reelt i høve til å vurdere det løpende driftsnivået. Under følgjer ein tabell som tek omsyn til desse posteringsane, samt i tillegg justerer for følgjande særskilte tilhøve: 2009: kr 2,5 millionar til forskottering av vegar. 2011: kr 2,5 millionar i etterbetaling av konsesjonsavgift 2005-2010.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2008-2013 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Netto driftsresultat på kr 7,0 millionar er om lag kr 400 000,- over gjennomsnittsresultatet for dei siste 6 åra. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra, har det vore eit særskilt fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå.

### **Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk: kr 2 790 648,-.**

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet.

### **Driftsinntekt**

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.


Diagrammet under syner at nesten halvparten av samla driftsinntekt (49,5 %) kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Prosentandelen er omrent uendra i høve til 2012 på desse postane som samla i 2013 utgjer 25,8 % mot 25,9 % i 2012.

Det er tydeleg at det er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga nok omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden.

Rammetilskot frå staten har i same periode svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og 16,8 % i 2013 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagertilskot i rammetilskotet).

Samla inntekt har auka med 2,1 % i høve til 2012. Dette er lågare enn auken i driftsutgift som var 3,3% (sjå lengre nede). I 2012 rekneskapsførte Modalen kommune ei inntekt frå staten på kr 1,7 millionar knytt til veterinærtenesta, då kommunen dette året hadde ansvaret for rekneskapsføringa knytt til veterinærtenesta for fleire kommunar. Bortfallet av denne inntekta i 2013 bidrar til låg inntektsvekst.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2013



## Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 82,2 millionar til kr 85,0 millionar frå 2012 til 2013. Auken utgjer om lag 3,3 %, ein lågare utgiftsvekst enn året før (5,9 %), men høgare enn veksten i inntekt (sjå lengre oppe). Dette er inklusiv avskrivingar og utanom finanspostane. Avskrivningsutgift vert nulla ved eigen motposting i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat. Vurderer ein utgiftsauken utanom avskriving vert utgiftsveksten om lag 3,62 %.

	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Sum driftsutgift (tal i 1000)</b>	68 120	73 713	77 625	82 219	84 990
<b>Prosentvis endring</b>	7,84 %	8,21 %	5,31 %	5,92 %	3,37 %

Auken i samla driftsutgift er høgare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie. Auken kan i stor grad relaterast til IKT-utgift, tilskot til Mo sokn, vedtekne småinvesteringar, brann- og ulukkesberedskap, premieavvik samt tilskot til bustadetablering. Desse postane/områda har auka utgifta med nesten kr 4,2 millionar i høve til 2012.

### Løn

Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har auka med om lag 1,3 %. Samla lønsutgift med sosiale kostnader (pensjon/arbeidsgjevaravgift) inkludert vikarbyrå og sjukepenge- og fødselspengerefusjon har auka med om lag 4,15 % i høve 2012. KS opplyser i samband med tariffoppgjeret for 2013 at berekna årslønsvekst frå 2012 til 2013 for kommunane er 3,55 %.

(Rekneskapstal i tusen)	2009	2010	2011	2012	2013
Lønsutgift	33 016	34 987	37 431	39 206	39 708
Sosial utgift	8 043	8 514	9 040	9 485	10 248
Vikarbyrå	40	0	0	0	1 000
Ref sjukeløn	-1 364	-847	-1 468	-1 893	-2 010
Ref fødselpengar	-836	-390	-349	-202	-334
<b>Netto løn</b>	<b>40 908</b>	<b>44 274</b>	<b>46 665</b>	<b>48 608</b>	<b>50 625</b>
<b>Prosentvis endring</b>		8,23 %	5,40 %	4,16 %	4,15 %

### Budsjettstyring og avvik

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2012	2013	2013	2013		
RÅDM/SENTRALADM	13 990 803	16 993 100	16 993 100	16 179 737	-813 363	-4,79 %
SOSIAL OG BARNEVERN	2 444 043	968 100	968 100	665 662	-302 438	-31,24 %
SKULE	8 937 296	8 867 500	8 867 500	8 853 748	-13 752	-0,16 %
BARNEHAGE	4 673 878	5 296 200	4 996 200	4 526 700	-469 500	-9,40 %
PLEIE OG OMSORG	11 434 208	11 197 100	11 197 100	10 939 823	-257 277	-2,30 %
KOMMUNELEGE	4 108 024	4 688 700	4 688 700	3 886 003	-802 697	-17,12 %
TEKNISK	9 323 954	11 426 100	11 426 100	11 467 302	41 202	0,36 %
<b>TOTALT</b>	<b>54 912 206</b>	<b>59 436 800</b>	<b>59 136 800</b>	<b>56 518 975</b>	<b>-2 617 825</b>	<b>-4,43 %</b>

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettlovvigingane. Kommunestyret gjev rammeløyving til budsjettområda: Rådmannen/sentraladministrasjon, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

Alle budsjettområda har mindreforbruk i høve til justert budsjettløyving, bortsett frå teknisk som har eit ubetydeleg meirforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på kr 2,6 millionar.


### Investering

Det har vore moderat investeringsaktivitet i 2013 med eit samla finansieringsbehov på kr 4,6 millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse finansiert med eigne midlar (fond, overføring frå drift/mva-kompensasjon) utanom formidlingslån, som er finansiert med lån frå Husbanken og ekstraordinært innfridde lån.

### Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkja den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelta gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2004-2013 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen var negativ frå ein topp i 2006 og fram til 2010. Gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet har betra arbeidskapitalen dei seinare åra.



## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2004 – 2013 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein auke i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2012. Samla fondsmidlar er auka frå kr 12,8 millionar til kr 17,1 millionar. 12,3 millionar av desse er ubundne midlar. Handlefridomen og høvet til å eigenfinansiera investeringane i framtida er såleis styrka gjennom rekneskapsåret. Ein viser igjen til det som er sagt om at det er viktig å styre driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunna oppretthalde handlefridomen og ha buffer mot dårlegare tider og uføresette endringar og hendingar.

### Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda er såleis relativt stor pr. innbyggjar, men er moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Både lånegjelda i løpende kroner, lånegjelda pr. innbyggjar og lånegjelda i prosent av driftsinntekta har vorte redusert jamnt og trutt sidan 2006 og fram til no. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye lån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2005 – 2013

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Lånegjeld (tal i 1000)</b>	16 793	40 723	38 800	36 877	34 378	31 878	29 378	26 877	24 377
<b>Lånegjeld i % av dr.innt</b>	32,0 %	69,0 %	56,9 %	56,4 %	48,3 %	42,3 %	37,0 %	31,5 %	28,0 %
<b>Lånegjeld pr innb</b>	47 438	114 390	107 778	105 063	99 936	86 157	79 400	70 175	65 530
<b>Innbyggjartal</b>	354	356	360	351	344	370	370	383	372

## IKT

Kommunen har økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IT og økonomi. Driftsoppgåver knytt til IKT blir stetta av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH). Rådgjevaren fungerar som IKT-kontakt, og er bindeleddet mellom kommunen og IKTNH.

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT-oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltagande kommunane.

2013 er det andre heile året med felles IKT-drift. Osterøy fekk ansvar for IKTNH frå september 2011. IKTNH har felles kontor i Hagellia i Knarvik, men IKT-personellet har framleis mykje av sitt arbeid ute i kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore stor aktivitet i det regionale IKT-samarbeidet:

- Alle kommunane har fått eitt felles domene, SING. Ein felles IT-plattform var nødvendig for mellom anna å kunna sentralisere alle fagsystema. Kommunane fekk ein ny felles avtale på kopimaskiner. I samband med at alle kopimaskinene vart bytta ut vart det og etablert ei løysing for «sikker utskrift».
- Representantane i kommunestyret har tatt i bruk nettbrett for lesing og handsaming av møtepapir. Saksdokumenter vert ikkje lenger sendt ut i papirform.
- Kommunen har teke i bruk ei ny telefonløysing med sentralbord som skal kunna gje betre service og informasjon til kundane. Modalen har vore pilotkommune i prosjektet som skal utvidast til fem andre kommunar i regionen i neste fase.
- Nye heimesider vart lansert på slutten av året.

### Økonomi

Det har ikkje vore noko meirforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Dette på trass av at det var usikkert kva kostnader ein ville få på slutten av året som følgje av felles IKT-drift. Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til den einskilde kommune sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

## Kulturkontoret

Kultursjefen er tilsett i 100 % stilling og har ansvar for kultur, bibliotek og Bryggjeslottet. Under kultursjefen ligg no ansvar for driftsleiar i Bryggjeslottet i 100% stilling og ungdomsarbeidar i 20% stilling. I juli og august var det i 2013 og tilsett ein person som arbeider med turistinformasjon og utlån i biblioteket.

Kulturkontoret står til teneste med:

- Turistinformasjon
- Kulturminnevern
- Tildeling av kulturmidlar
- Samordning av aktivitetar
- Kulturarrangement
- Tilrettelegging av friluftsliv
- Den kulturelle skulesekken
- Søknad om tilskot

Modalen kommune skal vera prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satsa på aktivitetar som tek vare på bygda sin eigenart og kvalitet. Kulturminnevern er eit viktig satsingsområde. Det vert gjeve tilskot til restaurering av stølshus og andre bygningar av lokalhistorisk verdi. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for å skapa trivsel i bygda. Desse får stønad gjennom utdeling av kulturmidlar.

Faste arrangement:

- Modalsdagane siste helga i juni
- Matmarknaden i Bryggjeslottet første laurdag i desember
- Borna sin dag i februar i Bryggjeslottet

Det vert arrangert konserter, teater for born og vaksne, islandske dagar og utstillingar. Konserterne med kjende artistar trekkjer mykje folk til Bryggjeslottet, og er med på å marknadsføra kommunen på ein god måte.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontoret, biblioteket, Mo skule og Eksingedalen skule. Målet er å gje elevane kulturtilbod av høg kvalitet og ulike uttrykk. I 2013 har det vore konserter, forfattarbesøk, utstillingar og kurs. Elevane får og reisa til Bergen for å gå i teateret og ta del i andre kulturtilbod som byen har. Barnehagen får og tilbod om teater og musikkarrangement.

Arbeidet med merking av turstiar er vidareført frå 2012. Mange turstiar er ferdigmerka, og det er sett opp informasjonsskilt der stiane byrjar. Modalen kommune samarbeider med Bergen reiselivslag om «Vandrerprosjekt Modalen». Informasjon og bilete frå turane og stiane i Modalen ligg på heimesida til Bergen reiselivslag, <http://www.visitbergen.com/modalen/>.

Kommunen har gjeve eit tilskot til Bergen turlag sitt prosjekt for opparbeiding av turstiar ved Stølsvatnet.

Det er sett i gang rehabilitering av skolemuseet på Sunnarhaugen. Dette arbeidet skal vera ferdig i 2014.



## Modalen folkebibliotek

Modalen folkebibliotek samarbeider med kommunane Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim, Radøy, Fedje og Osterøy om felles katalog, kurs, prosjekt og arrangement. Biblioteka i denne regionen har fått tittelen «Litteraturhusa i Nordhordland».

Mo skule og barnehagen er faste brukarar av biblioteket. Eksingedalen skule har lånedagar vår og haust i samband med bading i Bryggjeslottet.

Biblioteket samarbeider med kulturkontoret og Mo skule om forfattarvitjingar, konserter, barneteater og utstillingar.

Bryggjeslottet er ein populær møtestad for alle aldersgrupper. Her er mange tilbod å velja mellom og biblioteket er godt besøkt.

Utlån	2013	2012
Bøker for born	1795	1820
Bøker for vaksne	1475	1593
Lydbøker for born	72	59
Lydbøker for vaksne	195	165
Musikk for born	35	76
Musikk for vaksne	155	159
Film for born	255	305
Film for vaksne	204	225
Anna	166	48
Samla utlån	4352	4450

Biblioteket er ope tysdag 9.00-16.00, onsdag 9.00-15.00, torsdag 13.00-19.00 og ein laurdag for månaden 12.00-15.00.

## Sosialtenesta

### TENESTER OG OPPGÅVER

Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale går til 31.12.2017.

NAV Modalen skal ivareta det statlege ansvaret for arbeids- og trygdesøkjande, og har det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV kontoret i samarbeid med psykisk helsetenesta fyljer også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden.

### MÅL

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert eigne lokale mål for tenesta.

### ØKONOMI

Samla sett hadde sosialtenesta ein aktivitet vesentleg under tildelt budsjettramme. Årsaka til dette er mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp og avslutning av vedtekne tiltak.

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Buds(end) 2013	Regnskap 2013	Avvik	Avvik i %
SOSIAL OG BARNEVERN	2 444 043	968 100	968 100	665 662	-302 438	-31,24 %

### AKTIVITET

Innan feltet barnevern rapporterer Vaksdal kommune om jamn aktivitet i 2013. Her er ikkje ekstra utgifter ut over det som inngår i planlagt budsjett.

Det har vore gjennomført fleire kontrollar av sals- og skjenkestadene. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretok dette arbeidet.

Når det gjeld økonomisk sosialhjelp ser ein at dei fleste som søker hjelp er menneske som over tid har slite med økonomien, og fleire av desse treng gjeldsrådgjeving. Sakshandsamar ved kontoret tok i 2013 utdanning i gjeldsrådgjeving, og kontoret kan no tilby profesjonell hjelp til dei som slit med gjeld.



## Pleie- og omsorgstenesta



### TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste for institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod. Tildeling av omsorgsbolig, teneste for matombringning og tryggleiksalarm vert gjeve etter søknad.

### ØKONOMI

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Buds(end) 2013	Regnskap 2013	Avvik	Avvik i %
PLEIE OG OMSORG	11 434 208	11 197 100	11 197 100	10 939 823	-257 277	-2,30 %

Det har vore 13 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2013. Dette er 10 færre enn i 2012. Det har vore 11 utskrivingar, av desse 4 dødsfall.

Vaksdal har brukt sine fire faste plassar gjennom heile året. Lindås kommune har leigt korttidsplass frå 01.01.13 til 23.03.13, og avlastningsplass frå 24.06.13 til 05.08.13. Utleige til Lindås utgjer totalt 117 døger, som er ein reduksjon på 329 døger samanlikna med 2012. God kvalitet på tenestene er avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg vil ha store konsekvensar for drifta. I første halvår var det eit høgare belegg frå eigne innbyggjarar enn tidlegare år. Det gav færre plassar for utleige i perioden. Frå september har me hatt tre ledige rom. Modalen Kommune har likevel i snitt brukt ni plassar til eigne brukarar (same som i 2012). Arbeid med å oppgradera to bebuarrom starta i november. Frå då av var det eitt ledig rom resten av året.

I mars var det oppstart med dagtilbod til heimebuande med demens og eldre i kommunen. Dette var det stor respons på, og det har vore i snitt ni deltakarar annakvar onsdag. Tilbodet er eit folkehelsearbeid som er helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde er med på å gje god livskvalitet og bidra til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til dagtilbodet.

Me har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene men gjev ei stabil og god drift. I 2013 har det vore ein auke i eigenbetalinga. Dette kjem av eit høgare tal eigne innbyggjarar og ei opprydding i systemet for etterbetaling. Det høge sjukefråværet har og gjeve auka refusjonar. Samla har desse inntektene kompensert for kostnader til kjøp av tenester frå vikarbyrå.

### **Heimehjelp**

Fem brukarar fekk praktisk bistand i 2013. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag seks timer pr. veke.

### **Heimesjukepleie**

Fire brukarar har i snitt motteke ca 63 timer heimesjukepleie pr. veke.

### **Tryggleiksalarmar**

Fem personar har nytta tryggleiksalarm.

### **Matombringing**

Det vert levert varm middag til tre / fire brukarar i heimen nokre dagar i veka.

## OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

- Gode, brukartilpassa tenester.
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
- Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.
- Pårørande skal føla seg velkomne og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i pleie- og omsorgstenesta i Modalen Kommune.

### **Personell**

2013 har vore eit år med høgt sjukefråvær. Det har vore utført ulike tilretteleggingstiltak for å få tilsette tilbake i arbeid. Frå juni og ut året har ein kjøpt vikarar frå vikarbyrå.

Etter at Samhandlingsreforma vart innført, har me hatt ein auke i teneste til heimebuande. For å møte krav i høve Samhandlingsreforma i eigen kommune har vi hatt fokus på å behalde og rekruttere kompetent arbeidskraft. Eit årsverk fagarbeidarstilling er gjort om til sjukepleiarstilling. Ein assistent har starta utdanning til helsefagarbeidar, og ein fagarbeidar har starta utdanning innan demensomsorg og alderspsykiatri. Forsking viser at talet på eldre med demens vil vere aukande i åra som kjem, og då vil kompetanse innan dette feltet vera eit sentralt satsingsområde.

Me arbeider også målretta med interkommunalt samarbeid. Øyeblankeleg hjelpplassar vart oppretta ved Nordhordland Legevakt 01.09.2013.

## Kjøkken og vaskeri

Desse to avdelingane har som mål å yta best mogleg service til brukarane. Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. I haust starta me eit ernæringsprosjekt der personale på kjøkken, i pleieavdelinga og legen deltek. Prosjektet vil bli evaluert og erfaringa vil bli nytta til å gje rett ernæring til dei eldre. Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar, og vaskeritenester til heimebuande og dei andre etatane i kommunen.

## AKTIVITET

- Måndagar: Baking, som gjev oppleving av lukt og smak.
- Onsdag/torsdag ettermiddag anna kvar månad: Andakt, sang og kaffistund.
- Torsdagar: Trim i gruppe.
- Fredagar: Bingo, og besøk av barnehagen ein gong i månaden.
- April/mai: Basar for bebuarar, pårørande og innbyggjarar i kommunen.
- Mai/Juni: Vårfest.
- November: Julebord.
- Luciadagen 13. desember: Besøk av barnehagen
- Ein gang pr. månad: Frisør og fotpleie
- Underhaldning utanfrå fire gonger i året.
- Pensjonistlaget har vore på besøk to ettermiddagar med underhaldning/trekkspel og kaffistund.

Sansehagen vert bevisst brukt for å betra den daglege livskvaliteten ved å la brukarane ta del i kjente syslar som såing, hausting av grønsaker og bær, samt stell av blomar. Slik opplever dei eldre meistring og samhandling i kvardagen. Personalaet opplever at Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalens», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder. I 2014 vil me satse på å kunne vidareføre dagtilbodet for heimebuande eldre, rekruttere fleire til tilbodet og ha samling ein gong pr. veke.

Plan for aktivitetar i 2014:

- Tilrettelegging av avdeling for demente.
- Oppgradering av to bebuarrom.
- Oppgradering av fellesareal og uteområdet mot elva.

## Helsecenteret

### TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsecenteret. Under Modalen helsecenter er følgjande tenester organisert:

#### LEGEKONTOR

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelekestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det er ca 540 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2013. Listetaket er på 600.

#### Mål

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med  
 -god tilgjengelighet  
 -akseptable ventetider for legetime  
 -fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

#### Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2013, og ventetid har vore kort. Vi har i februar 2013 skifta til nytt journalsystem. Etter noko innkøyring fungerer dette no bra, med enkelte manglar som det blir arbeidd med.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og utrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar.

Oversikt over pasientretta aktivitet ved legekontoret:

	2008	2009	2010	2011	2012	<b>2013</b>
Sjukebesøk	7	11	13	8	5	<b>9</b>
Konsultasjonar	1287	1234	1025	1116	1125	<b>1422</b>
Telefonkonsultasjonar	276	167	150	127	168	<b>189</b>
Annan kontakt	553	832	1017	1025	1010	<b>1080</b>

## KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fysiotapeuten heldt til i Helsesenteret på Mo, og er to dagar pr. veke på Modalstunet. Elles har fysiotapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar.

### Tenesta omfattar

- Undersøking og behandling
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering
- Førebyggjande helsearbeid og opplæring
- Tekniske hjelpemiddel
- Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

### Mål

Revidering av rehabiliteringsplan

- Oppretthalda tilbod på same nivå
- Fokus på førebyggjande tilbod
- Styrka arbeidet med koordinerande eining

### Måloppnåing

- Rehabiliteringsplanen er revidert
- Fysioterapitenesta har gjeve behandling, undersøking og informasjon både til barn, vaksne og eldre, både heime og på instituttet.
- Tysdag og torsdag har vore faste dagar på Modalstunet.
- Det er gjennomført gruppetrening for alle eldre over 55 + måndag kvar veka. Oppmøtet har vore bra, med mellom 10-20 deltakarar.
- Koordinerande eining er styrka.

Fysiotapeuten har vore på kurs i palliasjon i desember 2013.



## HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge.

Helsesøster er tilsett i 50% stilling. Helsesøster har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to-års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helseenteret på Mo og har ope to dagar per veke.

### Mål

Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten»:

- Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging
- Heimebesøk/oppkjande verksemd
- Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
- Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

### Måloppnåing

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak oppnådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet. «Sett dine eigne grenser»-grupper i ungdomsskulen er samla opp til jentegrupper våren 2014 og guttegrupper haust 2014. Det same gjeld pubertetsundervising og seksuell helse undervising som vil bli halde våren 2014 samla for 5., 6. og 7. klasse og seksuell helse for ungdomsskulen.

## PSYKISK HELSETENESTE

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune omfattar tiltak som skal gje støtte til personar som har psykiske vanskar og konsekvensane dette fører til hjå den einskilde, familien deira og nettverket. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming. Det psykiske helsearbeidet i kommunen skal fremja sjølvstende, og styrka evna til å meistra eige liv. Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Om lag 20 personar i ulike aldersgrupper nyttar seg jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i større eller mindre grad.

Brukargruppa som tidlegare har mottatt tenester frå psykiatritenesta har tradisjonelt vore godt vaksne menneske med stabilt sjukdomsbilete. Dei siste åra har fleire unge menneske, med trong for oppfylging frå det kommunale hjelpeapparatet, kome til. I denne gruppa er det menneske med klare diagnosar. Det er også ungdomar utan diagnose, men med ein slik sosial situasjon at dei står i fare for å utvikle psykisk sjukdom dersom ikkje tiltak vert sett inn.

## Mål

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.

Lova set krav om at ressursane må nyttast best mogeleg. Me må vurdere bruk av ressursar og få til ordningar som gjer at me kan ivareta dei nye oppgåvene knytt til psykisk helsearbeid i kommunen.

## Modalen dagsenter

Modalen psykiatriske dagsenter har vore eit dag- og aktivitetstilbod som skal bidra til at personar med psykiske vanskar får eit strukturert og meiningsfylt innhald i kvardagen sin. Behovet for dagsentertilbod i kommunen har vorte redusert. Tilbodet vart avvikla 01.01.13 og aktiviteten vart overført til andre tiltak. I samråd med brukarane gjekk vi over til å tilby brukarane kontakt i heimen og individuelle aktiviseringstilbod som erstatning for dagsentertilbod.

## Måloppnåing

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2013 gjeve:

- Hjelp til å handtere situasjonar der den enkelte og nettverket sine mestringsstrategiar ikkje strekk til.
- Støttesamtalar, kontor/heimebesøk.
- Praktisk bistand, ADL-trening.
- Tildeling av fritids- eller støttekontakt.
- Samarbeid/samtale med pårørande etter nærmare avtale med brukar.
- Utarbeiding av individuell plan.

Psykiatrisk sjukepleiar er koordinator for ansvarsgrupper oppretta rundt elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule som treng ekstra tilrettelegging. Det har vore gjennomført jamlege samtalar med elevane, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse. Det har vore jamlege møter i støtteteam ved kriser. Støtteteam ved kriser inngår som ein del av kommunen sin generelle beredskapsplan. Ruspolitisk handlingsplan for Modalen kommune er utarbeidd.

## ØKONOMI

Helsetenesta har eit vesentleg mindreforbruk i høve budsjett. Hovudårsakene til dette er større aktivitet på legesida som har gjeve betre inntening, og mindre bruk av personell innan psykisk helse enn budsjettert.

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Buds(end) 2013	Regnskap 2013	Avvik	Avvik i %
KOMMUNELEGE	4 108 024	4 688 700	4 688 700	3 886 003	-802 697	-17,12 %

## Mo skule



### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Grunnskule

Skuleåret 2013/14 starta 72 elevar opp på Mo skule. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i sju klassar. 17 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp sju nye førsteklassingar ved skulen hausten 2013.

Det er 21 tilsette ved Mo skule. Desse arbeida til saman i 17,7 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leiing.

Skulen si verksemeld er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemeld etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigkeit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule. Mo skule utarbeider ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø. Denne rapporten vert drøfta av skuleeigar i kommunestyret i løpet av våren.

#### Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

*«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.*

*Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»*

Hausten 2013 var det 28 born påmeldt i Modalen SFO. Åpningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule tilbyr gratis leksehjelp for 1.- 4. klasse. Leksehjelpa er organisert i samband med SFO-ordninga ved skulen.

## Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule har eigen kulturskulelærar i musikk. Tilbodet som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass, saksofon og trommer. Det siste året har kulturskulen gjeve eit tilbod i matlagning. Dette har vore organisert som periodeundervisning. To grupper på seks elevar har delteke på kurs som har gått over 12 timer. Kulturskuletilbodet er populært hjå elevane.

Dei siste fire åra har ein arrangert «Ungdommens kulturmønstring» i Modalen. Også i år vert det deltakarar frå Modalen som dreg til Fylkesmønstringa i Grieghallen.

Tilbodet ved Modalen kulturskule visar god oppslutning. I skuleåret 2013/14 er det 45 elevar som tek del i kulturskulen.



## ØKONOMI

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Buds(end) 2013	Regnskap 2013	Avvik	Avvik i %
SKULE	8 937 296	8 867 500	8 867 500	8 853 748	-13 752	-0,16 %

## MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd. Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2013/14». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen.

For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen vert evaluert to gonger i året. Handlingsplanen er eit verktøy for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2013. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2013/14 er *rekning i alle fag, lesing i alle fag, og fysisk aktivitet*. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vere høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Klassane på barnesteget arbeider systematisk med dei sosialpedagogiske programma «Zippys venner» og «Dei utrulege åra». Mo skule nyttar seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». Rektor har fullført vidareutdanning i leiing, og ein av lærarane held på med vidareutdanning i grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråveret ved Mo skule er relativt lågt. Det er fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

Det pedagogiske utviklingsarbeidet ved Mo skule har dette året fokus på IKT, elevvurdering og klasseleiing. Frå skuleåret 2014/15 deltek Mo skule i nasjonal satsing for ungdomssteget med fokus på klasseleiing (GNIST).



#### AKTIVITET

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser me opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Rett etter skulestart var heile skulen på overnattingstur på Ekse i Eksingedalen. Me nyttar den nedlagde grendaskulen som base, og alle elevar fekk fine opplevingar over to dagar. Dei eldste elevane kom heilt opp til flyvraket på Kvitanosi. Om kvelden var ein lokal pensjonist på besøk hjå oss og fortalte historia kring det tyske flyvraket. Dei eldste elevane sykla ned igjen til skulen andre dagen. Ein minnerik og lærerik tur.

Den tradisjonelle lysmessa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmessa som fungerer som avslutning til jul for skulen.

Våren 2013 var ungdomssteget på tematur til Polen og Tyskland med Aktive Fredsreiser. Dette er ei viktig hending med stort læringsutbyte for elevane.

Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplewingar gjennom året.

Leikeområdet til elevane fekk ei etterlengta oppdatering hausten 2013. To nye leikeapparat og ein klatrevegg vart montert.

Hausten 2013 vart Mo skule godkjent etter Forskrift for miljøretta helsevern.



## Modalen Barnehage

### TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen byr på heildagsplassar og er open frå 07.30 - 16.30. Foreldre kan velje mellom tre- eller femdagars tilbod. Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Borna får eit variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 405,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 450,- og ein femdagars plass kostar kr 1 840,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 150,-, og kr 250,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt.

### Organisering

Modalen barnehage har tre avdelingar, og er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistenter / fagarbeidarar etter talet på barn. Vedtekten til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma fem barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtekten er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Tal på årsverk var 11,15 vårhavåret og 10,30 hausthalvåret inkludert kjøkkenpersonell.

### MÅL

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. I tillegg har me satsingsområdet «Mange intelligensar», som bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte, noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. På ein slik måte vert dei betre på det som dei ikkje meistrar så godt. I tillegg er Dei utrolige åra (DUÅ) godt forankra i det daglege arbeidet og i temavalna i løpet av året. DUÅ er ein arbeidsmåte for å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og for førebygging av åferdsproblem. Målet er å fremja den ynskja åferda gjennom ros.

## Kompetanseutvikling

- Personael har arbeidd vidare med arbeidsmiljøet og delteke på eit kurs om relasjonskompetanse i regi av NLA.
- Styrar har delteke på Nasjonal leiarutdanning for styrarar.
- Ein fagarbeidar byrja hausten 2013 på Arbeidsbasert Barnehagelærarutdanning.
- Ein assistent deltek på studiet Kompetanseheving for assistenter i regi av NLA.
- I tillegg har enkelte i personael delteke på ulike kurs med tema som kommunalt leiarutviklingskurs i regi av KS, barnehagen som lærande organisasjon, leik, likestilling og magiske samlingar.

For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Me har òg eit godt samarbeid med Modalstunet, der me vitjar bebuarane og blant anna spelar bingo og syng ved Luciafeiringa. Me nyttar Bryggjeslottet med basseng, gymnastikkssal og bibliotek.

## ØKONOMI

Eit mindreforbruk på løn kjem av unytta stillingar som fylgje av nedgang i barnetal og endringar i planlagde tiltak.

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2012	2013	2013	2013		
BARNEHAGE	4 673 878	5 296 200	4 996 200	4 526 700	-469 500	-9,40 %

## AKTIVITET

### Barnetal

	Vår 2013	Haust 2013
Barnetal	33	29
Tal på plassar	38	40
Barnetal frå andre kommunar	9	8

Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling, me legg stor vekt på å følgje borna sine interesser og sjå til at borna sin medverknad vert følgt opp. Slik vil me ha ein barnehage i kontinuerleg utvikling og endring på både vaksen- og barnenivå.

Me har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar, ein på hausten og ein på våren. Elles har me hatt to foreldremøte, eit på hausten og eit på våren. PPT deltok på foreldremøtet på våren og føreleste for både tilsette og foreldre om språkutvikling og språkstimulering. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

## Framtid

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil me alltid ha nye mål og søker etter ny kunnskap. Me legg dei pedagogiske planane opp etter kva barnegruppe me har, og tek deira medverknad på alvor.

## Teknisk etat

### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avløp
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

#### Organisering

På teknisk etat er det samla 10,9 årsverk. Desse fordeler seg med 3,8 i vaktmeistertenesta, 5,1 innan reinhald og to i administrasjonen.

#### MÅL

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

#### Hovudmåla er:

- Yte god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemnd
- Arbeida for å betre kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Målet for budsjettåret var å gjennomføra tiltaka i økonomiplanen og budsjett for 2013.

#### ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2012	2013	2013	2013		
TEKNISK	9 323 954	11 426 100	11 426 100	11 467 302	41 202	0,36 %

#### AKTIVITET

#### Oppgradering av Modalstunet

I 2013 vart det sett av kr 500 000,- til oppgradering av to bebuarrom. I tillegg vart det løyvd ytterlegare kr 1 137 500,-. Arbeidet med bebuarromma starta opp hausten 2013. Det er i alt 16 bebuarrom, av desse treng 12 oppgradering. I første omgang tek ein sikte på å oppgradera

seks rom over ein tre års periode frå 2013 – 2016 med to rom pr. år. Asfaltering av køyre - og parkeringsarealet på Modalstunet er utført i 2013. I samband med dette arbeidet vart det også sett ned utebelysning på tilkomstvegen.

### **Oppgradering av Helsesenteret**

I 2013 vart det sett av kr 100 000,- til oppgradering av helsesenteret. I tillegg kjem busjettkostnad i 2014 på kr 200 000,-. Oppgraderinga består av måling av veger og nye gardiner. Arbeidet vart starta opp hausten 2013.

### **Forprosjekt utbetring / nybygg kommunehus**

I 2013 vart det innleigd konsulentar for å vurdera tilstanden til kommunehuset. Det føreligg no ulike rapportar. Det er ei klar tilbakemelding at bygget ikkje tilfredsstiller dagens krav. Dette gjeld mellom anna inneklima, krav til universell utforming og krav til rømningsvegar. Ved ei rehabilitering er det nødvendig med nye tekniske anlegg. Det vil også vere behov for bygningsmessige forbeteringar med omsyn til etterisolering og nye vindauge. Det synest ikkje å vera stor kostnadsmessig forskjell på eit nybygg med same areal som i dag, i forhold til rehabilitering inkludert naudsynte oppgraderingar av eksisterande bygg.

### **Rehabilitering kommunale bustader**

Det er skifta tak på ein kommunal bustad på Kleivane.

### **Konsulenttenester kommuneplan**

I samband med arbeidet med rullering av kommuneplan vart det inngått kontrakt med Norconsult AS om kjøp av konsulenttenester. Arbeidet starta opp i desember 2012 og er venta avslutta andre kvartal 2014.

### **Vatn og avløp**

Deler av vatn- og avløpsnettet er gammalt i tillegg til at det er i dårleg forfatning, og tilfredsstiller ikkje krava i dag. Det vart i 2013 sett ned to nye kummar på Kleivane. Ein del av leidningsnettet vart også lagt om. Vassprøvane syner god kvalitet på drikkevatnet. Det vart i 2013 oppdaga ein større lekkasje på hovudleidningen på Mo som vart utbetra. Nytt vasshandsamingsanlegg vart bygd på Helland. Dette var naudsynt på grunn av krav frå mattilsynet. Pumper er skifta ut, alkaliseringasanlegg er installert og det er sett inn UV-anlegg.

### **Sommarjobb**

I 2013 var det 26 søknader til sommarjobb. Av desse fekk ti tilbod om jobb i teknisk etat uteseksjonen.

### **Reinhaldstenesta**

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Vi har vore heldig med rekrutteringa til avdelinga og har no eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester. Vi har også i 2013 investert i maskinar og utstyr for å lette arbeidet.

## Vaktordning/ utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2013. Me har hatt ein del utrykkingar, spesielt i samband med straumbrot. Dei tilsette ved etaten har mange ulike oppgåver, ved hendingar som vassbrot og liknande. Dei spelar også ei sentral rolle ved avvikling av sommarjobb og ved større arrangement i kommunen.

## Brann

Det var ei utrykking til brann og ei utrykking til redning i 2013. Det vart einigheit om arbeidsavtale for brannmannskapa. Det har vorte rekruttert seks nye mannskap i 2013. Mannskapa har hatt sju øvingar. Vi samarbeider med Lindås og Meland brannvern om opplæring. Ein av mannskapet har hatt oppdatering på utrykkingssertifikat. Det har vore utført seks tilsyn i § 13-objekt. Det har vore utført ein del forbetingar på tank og pumpe på tankbilen for å få ei sikrare drift.

## Kommunale vegar

Dei nye sidevegane i bustadfeltet på Mo vart asfaltert. Det vart lagt ned nye avløpsrør for overflatevatn i samband med dei nye tomtene på Mo. Det vart også lagt til rette for oppsetting av nye lys på dei nye stikkvegane på Mo.

## Kart, matrikkel og skråfoto

Kart vert oppdatert når det vert oppretta nye eigedommar og det kjem nye bygg. Nye adresser vert tildelt, slik at det skal vera enkelt å finna fram. Det vart oppretta to nye eigedommar etter matrikkellova. Fem eigedommar vart oppmålt.

## Byggesaker

Det har vore stor byggeaktivitet i Modalen i 2013. Det er to ledige kommunale tomter på Mo, fem på Helland og ei på Øvre Helland. Det vart gjeve eit rammeløyve, ni eitt-trinnssøknader, åtte igangsettingsløyve og to søknader utan ansvarsrett. Det vart gjeve ni ferdigattester.

## Framtid

I året som kjem vil vi ha fokus på økonomi, vedlikehald av kommunale bygg, brannberedskap, planarbeid, opprusting av Øvre Helland vassverk og installering av UV-filter.

